

# HAREID ROTARY KLUBB



MÅNEDSBREV JULI 2003.

ÅRGANG 39

DISTRIKT 2280

Møtedag: Mandag kl 18.00 – 19.00

Møtested: Klubbhuset til  
Hareid IL  
6060 Hareid

President: Elisabet Sundgot

Visepres.: Ingar Bigset

Sekretær: Trygve Riise

Kasserer: Oddvar Haugen

Past pres.: John Stennes

Styremedlem: Arne Lillebø

Styremedlem: Arve R. Røyseth

Leiar ungdoms

utveksling: Sverre Bjåstad

Ansv. Red.: Jan-Håvard Nytun

Referent i juni: Jan-Håvard Nytun

Fødselsdager i august:

Einar Holm 12.08

Odd Arne Holstad 13.08

Håkon Brekke 27.08

Elisabet Sundgot 28.08

100%frammøte i juli:

Johs. J. Hareide, Jarle Klungsøyr,

Trygve Riise, Egil Utgård

## Blant alle lande

Blant alle lande i øst og vest er fedrelandet  
mitt hjerte nest! Det gamle Norge med  
klippeborge meg huger best.

Fra vesterhavet til Kjølens rand, fra  
Nordishavet til Kristiansand, der har jeg  
hjemme og kan istemme:  
Mitt fedreland.

Jeg elsker eder, i gamle fjell med høye tinder  
og dype vell, med skog om barmen og jern i  
armen til tidens kveld.

Jeg elsker eder, i bekker små, I stolte fosser,  
I fjorder blå,  
I sjøer blanke, hvis stille tanke  
kan stjerner nå.

Jeg elsker furu- og bjerkelund med  
toneklangen fra fuglemunn, og meget aner de  
dunkle graner I vårens stund.

Jeg elsker bølgen, hvor frihet gror, de dype  
da ler, hvor freden bor, de lier fag re og gylne  
akre på odelsjord.

Jeg elsker alt som er ekte norsk, fra folkelivet  
til sild og torsk, som fremad skrider, om enn  
det glider en smule dorsk.

Jeg elsker høylig mitt modersmål, det klinger  
kraftig som herdet stål fra hjertes grunne I  
folkemunne hos Per og Pål

Dog mest jeg elsker det folkeferd som har sitt  
hjem mellom fjell og skjær, hvor unge hedrer  
de gamle fedre som bygde her.

Ole Via

### **Måndag 7. Juli 03**

Presidenten opna møtet og ref. litt frå guvemørens månads brev men først song vi "Den første gong jag såg deg". Programmet denne dagen var med Anne Holstad frå Tussa 24. Ho er leder for kundeavdelinga på Tussa 24. Heile norden er ein kraft marknad, nordpol og magasin fyllinga blir berekna for heile dette området, og Tussa 24 AS kjøper kraft frå den opne marknaden. Marknadssandelen deira er 80 % i sitt deknings område og dei har berre norske kundar. I nedslagsfeltet til Tussa har det kome 86% tilsig dette året. Produksjon var i 2002 på ca. 524 GWh. Mot normalt 540 GWh.

Kraft produkt frå Tussa 24: Tinde kraft Standard, Tindekraft garanti, spottpriis med tak pr. 07.07. 47.9 øre og eit fastbeløp på kr:30 pr. månad ein er då med på fallande priser. Tinde kraft Fastpris. Tinde kraft spott, og tindekraft allianse eit øre under standard pris.

### **Måndag 14. Juli 03**

På dette møtet var det avslutnings fest med blautkake for Azusa. Først song vi "Blant alle lande", så var det Azusa's avskjeds foredrag. Azusa Tanimura frå Japan har vore utvekslings student gjennom Hareid Rotary det siste året. Måndag kom ho på besøk og fortalte om korleis ho har hatt det dette året. Ho la vekt på kor forskjellige den japanske og den norske kulturen er, og at ho har hatt eit flott og lærerikt år i Noreg. Ho fortalte vidare om lyse kveldar, naturopplevelingar, midnattssol og nordlys. Ho har også vore med på jul og 17.mai feiring. Spesielt den kvite jula var noko ho sette veldig stor pris på.

### **Måndag 21. Juli 03**

Seksten medlemer møtte, det bar preg av at vi er midt i felles ferien. Etter planen skulle det vere komité arbeid på dette møtet, men då det var få frå kvar komité så dette blei utsett og møtet vart programfritt. Past president John som var møteleiar i Elisabet sit fråvær, fortalte litt frå turen som blei arrangert for Azusa til Geiranger tysdag den 22.07.

Geiranger var eit av ønska hennar før ho reiste heim.

Egil Utgård stilte med båt, John Stenes og Jan-Håvard Nytnun var matrosar. Vi starta frå Borgstein i Ulsteinvik kl 10. og var i Geiranger ca kl 12.30. Vi susa avgare i over 30 knopp på eit speilblankt hav, og Azusa sto til rors det meste av turen innover. Det andre ho ønska var å lage blandaball det fortalte Otto Holstad at dei hadde laga sist fredag.

Onsdag 23.07 reiser Azusa tilbake til Japan, etter eit opplevelsesrikt år i Noreg. Det vart sagt at ho har teke over 1000 biletar så minna skulle vere mange.

### **Måndag 31. Juli 03**

Møtet var programfritt og prega av ferie elles gikk praten rundt borda med kaffi og kake.